

SVEUM NEDRE



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Sveum ligg i Nordherad ovanfor Høgberget og Midtliskulen. Det skal ha vore Jehans Vetlesæter som tok til på ner-Sveum. Johannes Amundsen 1799-1865 vart i 1846 gift med Kari Iversdotter Moshuset eller u. Berge f. 1826. Ved fødsel i 1848 er dei nemnde på Sveum, så dei kan ha starta der etter at dei gifta seg i 1846. Det var enkja som fekk feste på plassen i 1872 og som i 1875 og 1878 er oppgjeve som brukar. Jehans og Kari hadde barna

Ragnhild f. 1843, gift med Hans Andersen Lysåker 1842-1910, på Høgberget

Amund 1845-1897, neste brukar

Kari f. 1848, gift med Petter Dalen, i Ulsbustugu

Iver f. 1851, til Blanchard i Amerika i 1883

Mari f. 1855

Ole f. 1859, skreddar i 1875

Amund som bl.a. er nemnd som knappstøypar, var gift med Sigrid Olsdotter Steindalen Raastadeie 1845-1881. Dei hadde barna

Anne 1867-1879

Johannes 1874-1948, neste brukar

Ole f. 1876

Anton 1880-1881

Amund vart i 1888 oppattgift med Ingeborg Østensdotter f. 1861, dotter til Østen Sande og Mari f. Grev (Mari oppatt gift med Ivar Vetlesæter). Amund og Ingeborg hadde sonen

Østen f. 1888, etter at mora døydde vart han oppale i Grev, reiste seinare til Amerika

Johannes Amundsen fekk feste på Sveum i 1898. I 1921 vart Sveum nedre skyldsett, den delen som låg i bygdealmeningen fekk gnr. 78 bnr. 6 og vart overskjøta frå bygdealmeninga til Johannes Sveum for

kr 80,-. Den delen som låg i statsalmenninga fekk gnr. 78 bnr. 5 og Johannes fekk kongeleg skjøte for kr 500,-. Johannes vart i 1898 gift med Kari Gjelbakken 1869-1951, dei hadde barna

Amund 1899-1981, neste brukar

Per 1902-1934

Sigrid, gift med Pål Runningen

Elias 1908-1996, gift med Marit Sagrusten f. 1915, i Moshuset

Ola

Amund tok over i 1942 etter faren. Han vart i 1942 gift med Ragnhild Johansen f. 1913, det er ho som eig bruket i dag. Amund og Ragnhild fekk barna

Jorunn f. 1944, gift med Yngve Kleiven

Anne f. 1945

Kari f. 1947

Reidun f. 1950, gift med Steinar Aarnes

I 1865 var det 3 geit på Ner-Sveum, medan det ti år etter ikkje var kreaturhald. Det vart sådd 1/8 tønne bygg i 1875.

Kjelder: Norske Gardsbruk 1953 1997

P.Ø.Kvarberg: Slekter i Vågå og Lom 2000, s. 131

Folketelling 1865, 1875, 1900

Panteregeister

Gudbrandsdalskommisjonens indberetning 1882

Utskrifter Kyrkjebok for Vågå

Festekontrakter

Ragnhild Aabakken: munnleg fortald